

Ein bjerkreimbu dreg til sjøs

av

Egil Bjarne Gripsrud

Her forteller han fra sin første tid på sjøen. Han reiste i 1928 som førstereisgutt med skuleskipet «Statsråd Lehmkuhl», 18 år gammel. Deretter i langfart utenriks. Her skildrer han livet ombord og sine opplevelser som sjømann.

Eg hadde lenge hatt utferdstrong, nøra godt upp av spanande reiseskildringar og sjøforteljingar, som eg las det eg kunne koma yver av. Men på same tid var eg svært heimekjær, so eg grudde for å skilja lag med heimen og alt som der var. Då eg var 15-16 år, fekk eg tilbod av far um å gå på Framnes ungdomsskule ein vinter, eller i staden taka ymse kurs i Norsk Korrespondanse-skole. Eg valde det siste, for eg ville heller vera heime, sjølv um eg då måtte arbeida full tid på garden, og berre lesa i fritidi. Til no hadde eg fullført desse kursu: Praktisk rekning, matematikk, skriving med rundskrift, norsk landsmål, radiotelefoni og telegrafi og dobbelt bokholderi.



Egil Bjarne voks opp i en søskenflokk med seks gutter, ingen jenter. Faren var lærer og de hadde et mindre gardsbruk på Birkeland i Bjerkreim. Her ser vi Egil Bjarne som den nest største gutten, nr. 2 fra høyre. Legg merke med at bare den største gutten har langbukser, han var konfirmert, de andre har korte bukser (knebukser) slik skikken var. Han har fått sløyfe, de andre har slips, bortsett fra de to minste.

Foto: B. Espedal, Stavanger, 1924.

OPPBROT

No var me komne til 1928, og eg var 18 år. Sist vinter hadde eg brevveksla med syskinbarnet mitt, Erling Monsen, som var eit år eldre enn meg. Han var lettmatros på ein stykkgodsbåt som gjekk i langfart. Det han fortalde fekk utferdstrongen min til å slå ut i full loge.

"Eg vil til sjøsl" sa eg ein dag til mor og far. Mor vart forfæld og bar imot alt ho kunne. Då far hadde tenkt seg um, meinte han at eg laut få prøva meg. Mor gav seg ikkje, og allierte seg med mormor mi, Berte Birkeland. Saman dreiv dei ein voldsom agitasjon for å få meg burt frå denne galneskapen. Bestemor kunne mange skræmesogor um skipsforlis og anna fælslege ting frå sjølivet som ho hadde lese um i ei bok: "Titanic" som forliste og sakk i Atlanterhavet i 1912 med tap av 1500 menneskeliv. Seilskuta "Seladon" frå Stavanger som forliste i Stillehavet i ein storm. Berre få av manskpet vart berga. Mange fleire kunne ho fortelja um, og i mørke vinterkveldar kjendest det ganske skremmande å høyra på. Og mor song med: "Tenk på dei fæle stormane på sjøen". Men dei greidde ikkje snu meg frå dette tiltaket.

Då våren kom hadde eg søkt og fenge plass på skuleskipet "Statsråd Lehmkuhl" i Bergen, som matroselev. Når ein hadde fullført eit kurs her var ein hjelpt. Skuleskipstyret, som var samansett av skipsreiarar, syrgde for det.



«Statsråd Lehmkuhl» i Nordsjøen for fulle segl i 1927

PÅ SKULESKIPET

Det var stor søknad til skuleskipskurset, so eg var heppen som hadde fenge plass. Det gjorde vel noko at eg ikkje søkte um friplass, men betalte full pris for kurset som kosta 300 kroner .

Det var litt vondt å ta avskild med alt heime. Mor gret, og det gjorde det ikkje lettare. Men snart tok spaning og venting på hendingar yverhand. Det var ei trøyst at syskinbamet mitt, Ingolf Monsen frå Sandnes, bror til Erling, skulle vera med. Han var eit år yngre enn eg, men meir vand

med å ta seg fram mellom folk på framande stader.

Kurset skulle vara i fem månader -frå og med mai, til og med september. Me var i alt 210 gutar i alderen 15 til 18 år. Då me kom ombord, vart me inndelte i bakkar på 12 mann, og me hadde ikkje lenger namn, men nummer. Fyrste nummeret i bakken var formann. Eg fekk nummer 61, og vart altså formann i bakk nummer 6, og me hørde til på babord sida av forre banjer. Fyrste dagen vart me eksaminerte i å segja det nye "namnet" vårt. Det hadde instruktøren, eller sersjanten moro av, for det var ikkje so lett å segja det so fort som han kravde. Eg snåva sjølv fleire gonger når eg skulle segja "nummer einogseksti styrbord bakgast" . Det vart gjerne "Einogseksti strybords baskkast" , eller noko anna rols. Berre prøv sjølv å segja det fort!

Det var marine-style ombord, og me fekk marineuniform som skulle brukast når me hadde landlov, og til sundags ombord, og me lærde å helsa høvisk på militært vis. Den dressen me hadde då me kom, laut me stappa i sjøsekken, og så vart han lagra i eit kott i lasteromet til me skulle reisa heim att. Elles i veka var "arbeidsuniformen" dongri klæde. Det hadde me fenge påbod um å ha med oss heimanfrå. Då syttende mai kom, var me godt øvde og disiplinerte og var med i toget gjennom gatene i Bergen, og me marsjerte like flott som gutane i bogekorpset, som gjekk bak oss.

LIVET OMBORD

Kvar dag var det mønstring (oppstilling) på hovuddekket, og so fekk kvar bakk tildelt arbeidsoppgåvor for den dagen. Den fyrste månaden og vel so det, gjekk mykje på å rigga upp alt takl og segl-utstyr, for dette hadde vorte teke ned og stuva i lasteromet året før, for vinteropplag. Etter kvart vart det mykje øving i sjømannsarbeid som å setja ymse slag knutar på togverk, spleising, vasking og maling, innabords og utabords.

Kompassrosa laut ein læra framlengs og baklengs i grader og streker, kvart- og halvstreker. Roøving i livbåtane var mest ein dagleg idrett. Det ville verta tevling med dei andre skuleskipa seinare um surmaren, og då var det bra å vera godt fyrebudd.

I samband med arbeidet med å gjera seglklart, vart det mykje øving i å klatra i riggen, upp vantene og yver salingane, der me kraup som ei flue med ryggen ned, og so upp neste vant, og av og til heilt til tops på dei yver femti meter høge mastene. Mange tok gjeme ein klatretur i fritidi ogso. Den som klatra heilt til tops på stormasti, til kula på kaltoppen, hadde fått eit adelsmerke. Kaltoppen er den øvste luten av masti, ein 5-6 meter høg stake, glatt og naken. Det er berre feste for ei flaggrinse i kula. Ein dag freista eg og denne turen, og kom så langt at eg fekk lagt handi på toppen av kula, då hadde eg gjort karstykket, men eg var mo i lemmene og hadde ikkje tid til å njota utsynet fyrr eg måtte la meg gli nedover mens eg enno hadde krefter att.

Men ein dag stod me fjetra og såg på at ein liten 15-åring frå Bergen klatra upp og sette seg på kula. Den guten kunne det ikkje finnast nerver i. Korleis han greidde å setja seg på toppen undras eg på den dag i dag. Ingen andre våga å gjera han etter.

Befalet hadde ikkje innvendingar mot denne "sporten". Dei tenkte vel som so: "Lat dei berre herda seg"

SLIK BUDDE ME OMBORD

Banjerer ligg på dekket under hoveddekket. Det er eit ope stort rom som er delt i forre-og aktre, styrbord-og babord banjer. Det var tilhaldstaden for elevane. Her hadde kvar eit lite skåp, og her åt og sov me. Me sov i hengekøyer som kvar kveld vart strekte mellom to bjelkar under dekket. Her låg me stuv i stuv, som sild i ei tønne. Det var ikkje alltid heilt heilt trygt å liggja i køya, det hende rett som det var at ein datt i dekket fordi ein garp hadde løyst knuten i eine enden av køya.

Det var ikkje heilt ufarleg dersom den var løyst ved hovudenden ved eit misstak. Leiinga var

på vakt mot slike ugagnskråkør, og kneip dei han, vart det streng straff. Då laut han stå i givakt på hovuddekket ein times tid, i berre underbuksa. Det hende og at han laut klatra upp i salingen ved storraa, og sitja der til styrmannen meinte at han hadde fenge nok straff.

Um morgonen vart køyene tekne ned og lagt til sides, og så vart bordi tekne fram frå sin lagerplass og sette upp. Det var eit langbord til kvar bakk på 12 mann. Dette var rutinen kvar dag.

Det var litt kaldt den fyrste månaden, for det var ikkje oppvarming på banjeren. Mange vart grovt forkjølte, og dei som ikkje var ferdige med barnesjukdommane fekk dei her. Ei tid låg kring ein tredjepart av elevane med raude hundar eller meslingar. Den faste lækjaren ombord hadde ei travel tid. Sjølv fekk eg kuma, og det tykte eg var frykteleg vondt i minst 14 dagar.

PÅ TOKT

So byrja fyrste sjøreisa ein fin sumardag. Det bar ut i Nordsjøen der me kryssa eit par dagar for å gjera oss kjende med seglføring og styring etter kompass. Det var ikkje alltid lett å styre den store skuta med berre handemakt. Me var fire mann til å vri på det store, duble rattet og få roret til å lystre. Det var spanande og forvitneleg. Men det gjekk ikkje lenge før sjøsjuka melde seg. Det gjorde heile sjøreisa til ei lidning.

Ferda gjekk so til Fredrikshamn i Danmark. Det var einaste utanlandsturen det året. Derifrå siglde me til Oslo, og etter nokre dagar gjekk ferdi attende til Bergen. Heile tida mens me var i sjøen var eg sjøsjuk og hadde det vondt. Det er nifst som livsgnisten vert tynt ut av ein med den sjukdommen.

Ei natt rauk det upp til ein liten storm då me var sønnanom Lista. Alle mann laut ut for å berga segl. Me hadde faste plasser når me skulle setja eller berga segl. Min plass var på styrbord side av øvre merserå, saman med 6 andre elevar. Det var so vidt eg greidde å koma meg upp der, so sjuk som eg var, og dei andre hadde det ikkje stort likare. Men me sleit og me kasta upp, og til slutt greidde me berga seglet. På dei andre rærne kava dei like mykje, og til slutt var alle dei øvste segla berga, dei det stod mest om å få inn. Det var mest eit under at ikkje nokon datt i sjøen der dei stod i perten og sleit i seglet og spydde.

Me var innom Egersund og Stavanger ein dags tid og viste fram skuta for folk i byen. Eg fekk lov å reisa heim frå Egersund og koma umbord att i Stavanger. Eg var nok litt kry av å visa meg fram i sjømannsklædi for slekt og kjenningar.

I BERGEN ATT

Det var landsutstilling i Bergen den sumaren, og då me kom dit att, fekk me mykje fri for å njota alt som var å sjå der. Då rauk kapitalen, og dei fleste kom i pengenaud. Det gjorde også Ingolf, so ein dag bad han meg senda telegram til faren med bøn om pengar. Eg so gjorde: "Send straks kr. 15 Stop Alt vel Ingolf".

Foreldra vart forfælde, hørde eg seinare. "Korleis er det han øyder pengar." Han hadde fenge tjuge kronor då han reiste, og det skulle halda so lenge han var der, hadde dei rekna med. Dei sende likevel nokre pengar til han, men eg trur ikkje han fekk so mykje som han bad um. Det var for råflott. Sjølv laut eg greia meg med tjuge kronor i lommepengar i dei fem månadane eg var på skuleskipet.

Under landsutstillinga var dei andre skuleskipa og i Bergen: "Sørlandet" frå Kristiansand som var ny det året, den gamle "Christian Radich" frå Oslo og "Tordenskjold" frå Trondheim. Ein dag vart det halde tevling i livbåtroing på hamna. Gutane frå "Statsråd Lehmkuhl" sigra og vart storleg fagna.

Det siste me gjorde fyrr kurset var slutt, var å avrigga skipet. Segl og togverk vart teke ned

og lagra under dekk i vinterupplag. Siste dagen fekk me vitnemålet vårt, og so fekk me tak i sjøsekken og tok fram dressen og kledde på oss. Den var krulla og muggen, men det gjorde ingen ting, for no skulle me heim, og det var me glade for. Sidan fekk me sjå kva det vart til med sjølivet.



*Parti fra Tollbodkaia i Stavanger, det nærmeste Egil Bjarne kunne komme utenriksfart.
Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.*

I UTENRIKSFART

Det gjekk både vinter og vår fyrr eg fekk tilbod um hyre. Eg byrja å tru at skuleskipstyret hadde gløymt meg. Men so, endeleg, påsketider 1929, kom det bod um at eg kunne få hyre som dekksgutt på SIS "Mai", ein stykkgodsbåt på 3.500 tonn frå Bergen. Reiararen heitte Erik Eriksen. Skipet låg i Newport Moon i England og lasta kol, og skulle fara til Columbia. Eg var ikkje sein um å svara ja, trass i at eg laut deponera kr. 300 i garanti for at eg ikkje skulle røma når skipet seinare kom til Sambandstatane. Det var noko reiarane kravde den gongen avdi so mange sjøfolk nytta høvet til å gå i land for godt når dei kom dit. Då vart det utlegg til reiararen for ny mann, og det ville dei trykka seg mot på denne måten. Far punga villeg ut for meg, og han fekk pengane igjen då eg seinare mønstra av SIS "Mai" på lovleg vis. I den tidi eg var umbord, var eg aldri inne på tanken um å røma. Eg såg snart at det no var elendige tider i Amerika med mykje arbeidsløysa. Eg hadde heller ingen slektningar i Sambandstatane som eg eventuelt kunne ha søkt hjelp hjå.

Det var like tungt å ta avskild denne gongen, ja heller verre, avdi eg no skulle i langfart. Mor gret, og det gjorde det ikkje lettare. Ho og bestemor freista å stogga meg no og, men eg var sta og ville ikkje gje upp, endå eg var litt redd for å verta sjøsjuk att. For å gjera dei litt til lags, lova eg å ta med meg salmeboki og konfirmasjonsbibelen. Eg tykte det var flautt, so eg la dei på botnen av sjøsekken, og der vart dei liggjande heilt til eg kom heim att. Det kjendest likevel som ei trygd å ha

dei med meg. Eg tenkte vel dei kunne vera gode å ha, um eg kom i naudi ein gong.

I Bergen fekk eg reiselag med nr. 58 frå skuleskipet og Bergen. Me var båe to glade for å få ein kjenning å vera saman med. No kalla me kvarandre med rette namnet. Han heitte Fredrik Sivertsen. Det var ein glad gutt som hadde vore reine muntrasjonsrådet på skuleskipet. Her møtte me og ein eldre kar som skulle reisa til skipet som 3dje maskinist. Han var leiaren vår på turen til England.




Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.

Newport Moon ligg ved elvi Sevem, inst i Bristolkanalen. Det er stor skilnad på flo og fjøre her, mange meter. "Mai" låg ved ein open kai i elvi, og når det var fjøre, låg skipet turt i gjørma på elvebotnen, og elvi rann forbi langt burte. Men botnen ved kaien var flat, so det røynde ikkje for mykje på skroget, sjølv um skipet etter nokre dagar hadde full last med kol.

So byrja reisa. Jau, sjøsjuk vart eg straks me kom i ope farvatn og skipet hogg og rulla noko. Eg greidde å halda meg på beina og i arbeid, og til all lukke vart eg fri alle plagor etter to-tri dagar. Sidan var eg aldri sjøsjuk meir. Fredrik trong litt lenger tid fyrr han vart fri ho.

S/S "Mai" var ein gamal båt. Det var ikkje lugarar for mannskapet, men ruff: eit enket ope rom med køyer upp etter skottene, og med eit stort bord langs skipssida. Det var styrbord og babord ruff. Dekksfolki heldt til i styrbord ruff, og maskinfolki i babord. Ein liten gang skilde dei to ruffane, og frå bakre enden av denne gangen var det tropp og opning til dekket.



Store fartøy gikk med last og passasjerer i Atlanterhavsfart fra England til USA.

Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.

MELLOM UTESEGLARAR

Det var berre Fredrik, eg og byssegutten som var fyrstereis-gutar. Dei fleste andre av mannskapet var uteseclarar. Det var sjømenn som av ymse grunnar aldri reiste heim til Noreg når dei mønstra av, men heldt til i dei store hamnebyane ute i verdi. Det hadde vel mykje å gjera med at det var lettare å få hyre frå desse hamnane enn heime i Noreg i desse dårlege tidene. Nokon hadde nok og hadde ein fattig og vond heim som dei ikkje kjende nokon trong og heimlengt til. Dei kjende seg meir heime i den hamnebyen som dei hadde gjort til sin heimstad. Dei karane som no var umbord i "Mai", hadde tilhaldet sitt i New Orleans. Herifrå tok dei hyre på skip som dei rekna med alltid ville venda tilbake dit ein gong. Dei som var her hadde fylgt "Mai" til Europa avdi dei visste at skipet skule attende til Vestindien og gå i Bauxit-fart mellom New Guinea og Louisiana/Alabama der New Orleans alltid var ein sikker losse- og lastehamn.

Eg tykte det var greide og gilde folk, slik som eg lærde dei å kjenna på denne fyrste reisa medan me var i sjøen. Men då me kom til Puerto Colombo, og det var høve til å gå i land, viste dei seg frå ei anna side som skremde meg litt. Då dei kom umbord seint um kvelden etter fest i land, sette dei seg kring bordet i ruffen og heldt fram med festen. Dei hadde flaskor med sterke saker med seg, og no gjekk det vildt for seg, utan hemningar. Eg låg i køya mi og skulle sova, men det var uråd. Karane vart meir og meir høgroysta, og krangelen tok til i styrke. Til slutt vart det eit dugeleg slagsmål millom dei to mest aggressive. Dei knuste koppar og kar i hovudet på kvarandre og kvelvde bord og benker. Andre prøvde å stagga deim og det vart ei mølje av kroppar, bein og armar. Eg var litt redd der eg låg og trekte stoppeteppet godt yver hovudet og vona at dei ikkje skulle gjeva gaum på meg. Eg glytte fram av og til, for å sjå korleis det gjekk med kamphanane. Langt um lenge stilna det av, og det vart råd å få seg ein blund resten av natti.

Det gjekk eit par dagar fyrr pengane tok slutt, og då vart det fred og ro att. Slåsskjempene laut kjøpa nye koppar og kar, og reparera skaden i ruffen. Det var greide karar når dei ikkje var fulle, tykte eg, og som vel var fekk dei ikkje noko sterkt å drikka når skipet var i sjøen.

Eg opplevde fleire slike situasjonar i dei to åri eg var ute på min første tur til sjøs. Eg skreiv aldri heim um slike hendingar, eg ville ikkje uroa mor og bestemor. Dei skulle kjenna seg trygge at alt var bra. Det var det i grunnen og; det var ikkje farlege folk eg var saman med. Dei var berre verst mot seg sjølv.

Ikkje alle var uteseclarar på "livstid". Det var og dei som hadde kone og born heime i Noreg, men dei kjende seg nøgde til å vera heimanfrå i årevis for at familien skule ha det godt. Dei var redde for å måtta gå arbeidslause um dei reiste heim.

Etter eit par veker i Poerto Colombo hadde me fenge i land kollasti, og no bylja S/S "Mai" i bauxit-farten. Bauxiten vart alltid lossa i New Orleans, og etterpå lasta me stykkgoods der eller i Mobile i Alabama. Det var last til mange hamnar i land og øyar kring det Karibiske hav.

JAMAICA


Kingston på Jamaica vart ofte vitja. Ein gong me var der, var eg ein gong på tur i byen saman med finnen Otto Madsen. Han var matros og uteseclar, men ein gild og roleg kar, som arbeidde for kone og born heime i Finland. Han gjekk aldri på fylla og me var gode venner, so me gjekk ofte i lag når me gjekk i land ein stad. Me hadde vore rundt ikring ymse stader og sett på livet i gatene, og det var no på tide å venda attende til skipet. På vegen vart me kjende med ein gjeng med svarte tenåringar som gjeme ville prata med oss og var fjåge og smilande. Det tok ikkje lang tid fyrr me var dus, heldt kvarandre i armane og song og tralla. Med eit kjende eg eit rykk i klokkelumma, og der for ein av gutane av garde med den fine klokka som eg hadde fenge i konfirmasjons-gåva av faster Mathilde og onkel Hagbart i Oslo. Det var eit I.W.C.-ur (Internasjonal Watch Company), eit verdenskjend merke. Aldri i verdi um eg ville miste den.

Otto og eg for etter tjuven, eller tjuvane, for det vart eit stafettlaup. Klokka gjekk frå den eine svartingen til den andre gjennom dei tronge gatone, men dei greidde ikkje å lura oss. Til slutt fekk me tak i den som hadde ho sist, og Otto, som den gode finne han var, drog tollekniven or slira og truga tjuvphantane. Då gav han frå seg klokka og gjengen let oss i fred.

Men eg fekk aldri den klokka med meg heim likevel. Den er på Jamaica den dag i dag. Då me kom til Kingston eit par månader seinare mista eg ho for godt. Eg hadde vore vaktmann um notti og låg og sov i ruffen. Klokka hadde eg hengt på skottet yver køyi. Eg sov so tungt at eg gådde ikkje tuskhandlaren som kom inn. Det kom alltid slike seljarar umbord i denne hamnen og selde frukt og anna og me røynde aldri at dei var tjuvaktige. Men denne karen, som tilfeldig var åleine med den sovande klokkeiegaren, greidde ikkje å stå imot freistingi.

Eg gjekk til kapteinen og klaga mi naud og han fekk politiet til å granska saki, men utan resultat. Eg trur dei gjorde liten freistnad på å finna tjuven. Me var i Kingston fleire gonger seinare, men klokka vart ikkje funnen. Den er nok til glede for ein fattig stakkar der burte enno.

Dette var leit å uppleva, men likevel trivdest eg umbord og i den farten som skipet hadde. Når ein er ung upplever ein alt intenst og kjenslevart, og alt var nytt og spanande og nyfikent.



*Kingston, Jamaica hvor Egil Bjarne var flere ganger. Øverst hovedgata King Street, og i havna ser vi gutter som dykker for mynter.
Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.*

ELVEFART

Eg tykte det var sers forvitneleg å stå til rors når me ferdast oppyver elvi Demerara i Britisk Guyana, eller Surinam i den Hollandske kolonien av same namn. Då gjekk me ein heil dag på elvi innover i landet gjennom jungel og regnskogar til me kom fram til bauxit-lasteplassen. Mest forvitneleg var seilassen i Surinam-elvi, tykte eg. Elvi var smal og svingete. Det vaks jungel og regnskog langt uti elvi, og det hende rett som det var at skipet støytt burt i elvekanten der elvi gjorde ein brå sving, og reiv med seg tre og greiner som datt ned på bakk-dekket. Det vart ikkje skade på skipsskroget i den lause elvebotnen, men ein laut kava lenge med maskinen i revers fyrr ein kom laus og kunne halda fram med ferdi.

Det var eit heilt rudningsarbeid etterpå med å renska dekket for tre og greiner. «Akta deg so du ikkje tek burti skorpionar og slangar», sa båtsmannen. Han hadde røynsle i denne farten. -Og sanneleg, der var eit par av dei krypi, grøne og brune og ufyselege. Båtsmannen drap dei med ei klubbe.

Summe stader passerte me små rudningar i skogen og her budde det små kolonier av ville negrar. Dei var etterkomarar av rømde slavar frå sukkerplantasjane ved Paramaribo for nokre generasjonar sidan. Me hivde ut tome blekkboksar når me for forbi, og då stupte unggutane ut i elvi og sumde burt til dei og og mot land medan dei ropa: "Chau! chau!" Det skulle vel tyda, "mat!" Me dumpa og «dunnage». Det var fjøler, vrakgods, som me hadde bruka til å skilja mellom dei ymse sortar stykkgods, som me no laut hiva fyrr me lasta bauxiten. Det var gode materialer, mange "kjerrelass" og det var noko negrane lika. Dei sette ut kanoane sine og drog materialene til lands. No kunne dei byggja solide hytter i staden for dei skrøpelege av bambus og palmeblad som dei hadde.

Det tok ikkje meir enn ein dag å lasta skipet med den tunge, raude bauxit-grusen. Det rauk ufyseleg under lastingi. Det raude støvet la seg yver heile skipet både innvendig og utvendig. Me trong heile dagen til å vaska og spyla det burt på ferdi ut mot sjøen.



*Tobakkplanting på Cuba slik det da var, med treplog og oksespann.
Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.*

MOSKITOS OG MALARIA

Det var mykje moskitos i desse elvesumpene og dei førde malaria med seg. Dei fleste sjømenn, som hadde seilt her i mange år, hadde fenge denne sjukdomen. Mest alltid fekk dei åtak att av malaria når me gjekk ut frå dette område. Ein tur var det so ille at alle fyrbøtarane vart

liggjande mest heile tida på reisa til New Orleans. Då laut dei dekkfolki som ikkje var sjuke ned i kjeleromet og halda dampen uppe so godt dei kunne. Eg fekk min tøm, men eg var vand med skuff og jarnstaur, so det gjekk bra, men dugeleg tungt var det å stå fire timar vakter og hiva kol under kjelane i tropevarmen.

Eg var varsam og åt kinin når me var i malaria-området, og det gjorde vel at eg ikkje fekk den lidinga. Desutan bruka eg moskitonett yver køyi um nettene. Eg hadde røynt kor ille det var når eg ikkje hadde det. Fyrste gong eg var med til New Orleans og me gjekk oppyver Misisippi-elvi um natti, var millionar av moskitos ute og tok imot oss. Det var ei fæl natt. Dei drakk blod yver heile kroppen min og eg var truten yver heile lekamen um morgonen. Det fyrste eg gjorde då eg fekk gå på handletur seinare på dagen var å kjøpa eit moskitonett.

Lengste turen i sjøen var då me gjekk frå New Guinea til New Orleans. Då var me berre innum Port of Spain på Trinidad og bunkra. Derifrå varde reisi 9 - 10 dagar, for skipet gjorde ikkje meir enn snaut 9 knop.



Bilde av «Reisendes palme» fra Trinidad, en sjømanns hilsen hjem.



Havnebilde fra Curacao

Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.

SUNDAGSFRED

På denne turen fekk me alltid ein søndag i fred og ro i sjøen, og då inviterte kapteinen til andakt i salongen for dei som hadde fri frå vakt. Kapteinen var frå Risør, og var ein gild kristeleg mann. Han var medlem av Broderkredsen på havet. Det er ein forening av bekjennende norske sjømenn. Dei hadde eit felles merke: Dueflagget, som dei gjerne heiste på formasti når skipet låg i hamn. Medlemsbladet, "Bud fra havet", kunne ein finna utlagt på sjømannskyrkjene. Andakten var ihopsett av opplesing av dagens tekst som han tolka med ein stutt tale og slutta av med fadervår. So spela han nokre songar på den gamle horngrammofonen sin. Uteseilarane sat andaktsfulle og hørde på. Det var einaste tidtrøyten me hadde.

Det var fyrst mange år seinare at det var vanleg med radioapparater og radiopresse umbord. Den radiostasjonen som SIS "Mai" hadde var ein gamal gnistsendar som berre var i bruk til å senda ankomsttelegram ein dag fyrr me kom fram til ein stad. Då var det berre so vidt dei greidde å produsera nok straum til dei gnistane som skulle til.

Me vitja mange hamnar med mange sortar stykkgoods kring det Karibiske hav, på retur-reisa til lasteplass i New Guinea. Ein av hamnane var ein gong La Guaira i Venezuela og me hadde med ei svær statue av presidenten i landet, Garcia Jua Vicente; han styrde landet diktatorisk. No, i 1929, var siste året hans som president, og difor ville han setja upp denne statua som ein amerikansk kunstnar hadde laga.

Fyrstestyrmannen på SIS "William", som hadde ansvaret for lossingi, var sjeleglad då statua var komen på kaien uskadd, for den var helst for tung for bom og losseutstyr. Men med forsterka stag og bomløft og full damp på vinsjen svinga me kolossen yver rekka.



Egil Bjarne besøkte New Orleans mange gonger



*Lasting av bomull på steambåt for eksport.
Foto: utlånt fra Rolf Mong, Egersund sin postkortsamling.*

FORFATTEREN SOM SJØMANN



*I New Orleans i 1929.
Egil Bjarne Gripsrud med stråhatten.*

*

Teksten i denne artikkelen er hentet fra
Bjerkreim Bygdablad nr. 1-1990 og nr. 6-1990,
og supplert med foto
fra Rolf Mong, Egersund sin rikholdige postkortsamling.

*

Aaland Gård, februar 2011
Paul Tengesdal